



Radøy musikkråd v/Steinar Brevik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/411 - 16/13709

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

01.11.2016

## Driftsmidlar song og musikk - oversending til musikkrådet til uttale

Det er i budsjettet for Radøy kommune 2016 sett av 375 000 kroner i kulturmidlar. I samband med nye retningslinjer for kulturmidlar vart desse splitta i kr 15 000 til «Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg» og kr 360 000 til driftsmidlar til lag og organisasjonar. Av dei 360 000 som er sett av til driftsmidlar, skal song og musikk ha 35 %, eller kr 126 000,-.

I tråd med retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i Radøy kommune, sender me over alle søknader om driftsmidlar og innstillinga frå administrasjonen på fordeling av midlar. **Me ber om uttale frå musikkrådet innan 10. november.**

Dei nye retningslinjene seier «*Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øymerkt verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemmer som er busette i Radøy kommune.*»

Dei nye retningslinjene seier at born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjer integrering skal prioriterast. I tillegg vil tal medlemmer busett i Radøy kommune, aktivitetsnivå og inntekter/utgifter verta lagt til grunn.

På bakgrunn av dette innstiller administrasjonen på følgjande fordeling av driftsmidlar:

Lag	Tilskot
Songlaget Alvidt/ Manger	0 kr
Radøy Damekor	5 000 kr
Hordabø Skulemusikklag	33 000 kr
Manger Skulemusikklag	40 000 kr
Sæbø Skulemusikklag	33 000 kr
Radøy brass	15 000 kr

### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

<b>Totalt</b>	<b>126 000 kr</b>
---------------	-------------------

Rockeverkstaden har ikkje søkt midlar i år, og dermed er det noko meir midlar til fordeling enn tidlegare. Administrasjonen har innstilt på at Manger/Alvidt songlag for kr 0 då dei ikkje har aktivitetar i Radøy kommune. Radøy damekor har svært låge utgifter samanlikna med dei andre laga, og mellom anna ingen dirigentutgifter. Størstedelen av utgiftene var til tur til Riga, som på inntektsida for det meste var dekkja av eigenbetaling frå medlemene.

Hordabø skulemusikklag har fleire medlemmer enn Sæbø skulemusikklag, men lågare utgifter. Me foreslår difor at desse laga får like mykje i driftstilskot. Manger skulemusikklag har klart flest medlemmer av skulekorpsa, høgast aktivitetsnivå og størst driftsbudsjett, og får difor meir enn dei to andre skulemusikkлага. Radøy brass har fleire medlemmer, fleire born og unge blant medlemene, høgare aktivitetsnivå og langt høgare utgiftsnivå enn Radøy damekor. Samanlikna med skulekorpsa har dei langt færre born og unge blant medlemmene og færre medlemmer som er busette i Radøy kommune.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad Manger/Alvidt songlag  
Vedlegg til søknad om kulturmidlar  
Søknad Radøy damekor  
Vedlegg til årsmelding  
rekneskap  
Informasjon om avvik i rekneskapen  
Årsmelding Radøy Damekor 2015  
Søknad Hordabø skulemusikklag  
Revisjonsberetning for 2015  
Årsmelding og rekneskap for 2015  
Søknad Manger skulemusikklag  
resultset\_4440\_19\_vedlegg1.pdf  
resultset\_4440\_19\_vedlegg2.pdf  
Søknad Sæbø Skulemusikklag  
resultset\_4440\_20\_vedlegg1.pdf  
Vedlegg til søknad  
Søknad Radøy brass  
resultset\_4440\_24\_vedlegg1.pdf  
resultset\_4440\_24\_vedlegg2.doc  
resultset\_4440\_24\_vedlegg3.xlsx  
resultset\_4440\_24\_vedlegg4.pdf

**Vedlegg:**

resultset\_4440\_24\_vedlegg5.doc

resultset\_4440\_24\_vedlegg6.pdf

**Mottakrarar:**

Radøy musikkråd v/Steinar Brevik